



Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/502 - 18/20267

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
22.06.2018

Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet/Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 213/35 Eikanger nedre

Saka gjeld klage på avslag på søknad om dispensasjon for riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny einebustad. Eigedommen ligg i LNF føremål i kommuneplanen sin arealdel.

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 13.06.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet gjev klagar medhald. Det vert gjeve dispensasjon frå LNFR-føremål. Klagar får løyve til å riva eksisterande fritidsbustad og føra opp ny einebustad på gbnr 213/35. Det vert gjeve dispensasjon frå 50 metersgrense frå vassdrag. Grunngeving: - Eigedommen ligg i eit område med blanding av einebustadar og fritidsbustadar. -Eigedommen ligg i nærleik til skule. - Det er offentleg vatn og avløp i området. - Landbruksavdelinga opplyser sjølv at dei ikkje kan sjå at dette kan føra med seg dei store negative konsekvensar for drift av landbruksarealet i området. Etter ei samla vurdering meiner PMU at fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.

Dispensasjonen vert gjeven på vilkår av at oppføring av bustad på eigedommen skal stetta vilkåra i føresegn 5.14 i kommuneplanen sin arealdel.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing



Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF føremålet for riving av fritidsbustad og oppføring av heilårsbustad - gbnr 213/35 Eikanger nedre
Søknad om dispensasjon - gbnr 213/35 Eikanger nedre
Kvittering nabovarsel 2 sign.
2017 1215 Kvittering nabovarsel sign.
C1- Opplysninger gitt i nabovarsel sign.
F1- Søknad om dispensasjon - gbnr 213/35 Eikanger nedre
B1, D1, D2, Q1 Opprinnelig søknad om dispensasjon
B2- Klage på avslag forrige søknad
Avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 213/35 Eikanger nedre
Klage på avslag vedr søknad om dispensasjon - gbnr 213/35 Eikanger nedre
Klage på avslag vedr søknad om dispensasjon 213-35
Kart

Kopi til:

Arnt Hagesæter	Nedre Eikanger 29	5913	EIKANGERVÅG
Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG